



Vestlandshus Mjelde As  
Mjeldalen  
5286 HAUS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2387 - 17/1893

Saksbehandlar:

Benjamin Hicks

Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:

20.01.2017

## Endringsløyve II - gbnr 137/645 Alver

### Administrativt vedtak. Saknr:

**Tiltakshavar:** Eivind Sjursen og Linda Hugvik

**Ansvarleg søkjar:** Vestlandshus Mjelde AS

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Saka gjeld tidlegare søknad om endringsløyve handsama den 19.12.2016 som sak 591/16. I vedtaket går det fram at «Søknad om endra utforming av avkøyrsla vert avvist. Søknad om endra utforming etter veglova er avslått av vegstyresmakt».

Lokal vegstyremakt har den 28.12.2016 endra sitt standpunkt til avkøyrsla og gjeve løyve på fylgjande vilkår:

- Dreneringskanal med rist ( Aqua drain ) med god kapasitet 2-3 meter opp i avkøyrsla som fanger opp overflatevatn frå den private vegen og leier dette ned mot grøft i sør-aust. Spesielt viktig viss den private vegen får fast vegdekke opp mot huset. ( i dag er overflata med grus drenerande
- Langvillig ( ca 1 m ) asfaltert holkile i overgang mellom kanten på det kommunale vegdekket og avkøyrsla, slik at evt overvatn som ikkje vert fanga opp av dreneringskanalen og/eller overvatn frå den kommunale vegen vert fanga opp og leda ned i grøft.
- Den geometriske utforminga ( svingradius og sikt ) meiner eg er god nok til å gje godkjenning viss innerkurva (mot mur ) i nordre del av avkøyrsla får ein meir definert avslutning ( støyp eller stein )

På bakgrunn av dette vert den delen av vedtaket som gjeld avvising av endra utforming av avkøyrsla opphevd. Då utforming av avkøyrsla er godkjent av lokal vegmynde vert det gjeve løyve til endra utforming av avkøyrsla etter plan- og bygningslova.

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak endringsløyve for endra utforming av avkøyrsla.**

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733



**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 14/2387**

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Benjamin Hicks  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Linda Hugvik

Lyngmarka 19

5911

ALVERSUND

**Mottakarar:**

Vestlandshus Mjelde As

Mjeldalen

5286

HAUS